

Saksprotokoll i fylkestinget - 08.03.2016

Pål Kårbø (KrF) og **May Eva Sandvik (H)** stilte spørsmål om dei var ugilde fordi dei er styreleiar og styremedlem i Nordhordlandspakken. Kårbø og Sandvik gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var ugilde. Fylkestinget vedtok samrøystes at Pål Kårbø og May Eva Sandvik var ugilde, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Pål Kårbø og May Eva Sandvik gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 55 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune gjev sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 750 mill. kr som Nordhordlandspakken AS tek opp til finansiering av veginvesteringar.
2. Garantien gjeld for hovudstol på inntil 750 mill. kr, med tillegg av 10 % av til ei kvar tid gjeldande hovudstol til dekking av påløpne renter og omkostningar.
3. Garantiansvaret gjeld til utgangen av innkrevjingsperioden for bompengar (12 år) med tillegg av inntil 2 år, jfr. garantiforskrifta § 3.